



**ÅSERAL
KOMMUNE**
- Ei positiv kraft



HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN

2022–2025

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FORSLAG

Foto:
Instagram #vakreåseral



INNHALD

1.	FØREORD	4
2.	HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN	6
2.1	OM PLANARBEIDET OG FORANKRING I LOVVERKET	6
2.2	PROSESS	6
2.3	FØRINGAR I KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL, MÅLSETTINGAR MV.	7
2.4	STATISTIKK	8
2.5.	KOMMUNEN SITT HANDLINGSROM OG BUDSJETTRAMME	10
2.6	EINSKILDE SENTRALE INNTEKTSPOSTAR	15
2.6.1	Statsbudsjettet og rammetilskot	15
2.6.2	Skatt på inntekt og formue	16
2.6.3	Eigedomsskatt	16
2.6.4	Sal av konsesjonskraft	17
2.6.5	Konsesjonsavgifter	18
2.6.6	Andre generelle statstilskot	18
2.7	FINANSPOSTAR	20
2.7.1	Finnansinntekter	20
2.7.2	Finansutgifter	21
2.8	ORGANISERINGA I KOMMUNEN	23
2.8.1	Felles – planområde 600	24
2.8.2	Folkevalde – planområde 190	25
2.8.3	Sentraladministrasjonen	26
2.8.3.1	Kommunedirektøren – planområde 100	27
2.8.3.2	Eigedomskontor – planområde 110	28
2.8.3.3	Personal og organisasjon – planområde 120	29
2.8.3.4	Økonomi – planområde 130	30
2.8.3.5	Service, reiseliv og kultur – planområde 150	32
2.8.4	Oppvekst og levekår	34
2.8.4.1	Barnehage – planområde 210	36
2.8.4.2	Skule – planområde 220	38
2.8.4.3	Helse og velferd – planområde 310	40
2.8.4.4	Pleie, rehabilitering og omsorg – planområde 340	43
2.8.5	Drift og utvikling	45
2.8.5.1	Utvikling – planområde 510	48
2.8.5.2	Drift og vedlikehald – planområde 540	50
2.8.5.3	Reinhald – planområde 550	54
3.	BUDSJETT 2021	56
3.1	OPPSUMMERING AV BUDSJETT OG BUDSJETTFØRESETNADAR	56
3.2	DRIFTSRAMME FOR BUDSJETTÅR 2022	58
3.3	PLAN FOR INVESTERINGAR 2022	60
3.4	PRISLISTA	62
3.5	LIKVIDITET	63

VEDLEGG

Vedlegg 1 - Budsjettnotat EnviDan, kommunale gebyr - budsjett 2022	65
--	----

1. FØREORD

Omstilling og endring er ein naturleg del av den kommunale kvardagen. Kommunane blir tillagt nye oppgåver og tidlegare kjente føresetnadar blir endra. Innbyggjarar og gjester i kommunen har forventningar til kommunen om å vere effektive og gje gode tenester ut frå kva som er behovet. Dette er «normalen», og difor er det særskilt viktig at vi både organiserer oss og ikkje minst legg til rette for at vi får utnytta all den kompetansen som dei tilsette i kommunen har. Godt samarbeid i regionen er – og vil vere – ein føresetnad for at vi skal klare å handtere dei ekstra oppgåvene som kommunen har fått. Det er denne verkelegheita vi her legg dei økonomiske rammene for.

Arbeidet med budsjettet for 2022 og handlingsdelen med økonomiplan for den neste 4-års-perioden er gjennomført i tett samarbeid med alle leiarar i kommunen, dei hovudtillitsvalde og hovudverneombodet. Det har vore – og er – dette samanhengar mellom dette arbeidet og dei andre pågåande prosessane: Kommuneplanen sin samfunnsdel og drifts- og organisasjonsgjennomgangen. Desse prosessane har innverknad på kvarandre, og vi har difor vore opptekne av å etablere felles forståing for situasjonen og korleis alt heng saman.

Trass i tilførsel av nye oppgåver og kostnadsauke knytt til pensjon og finans, legg vi i år fram eit framlegg til budsjett som er i balanse utan bruk av fond. Driftstiltaka er budsjettert innanfor driftsramma, mens større investeringstiltak er som vanleg planlagt finansierte ved hjelp av bruk av fond. Det er ikkje lagt opp til låneopptak i perioden. For å få dette til, er det gjort prioriteringar, og einskilde drifts- og investeringstiltak er difor flytt til dei neste åra i økonomiplanen.

I åra 2023, 2024 og 2025 er det planlagt reduksjonar i driftsramma som i sum utgjer 3,33 % samanlikna med 2021. Vi legg opp til ei meir effektiv og rasjonell drift, reell effektivisering og inntektsauke gjennom samarbeid i regionen, generell gevinstrealisering gjennom meir målretta og effektiv drift samt auke i inntekter. Kort sagt, ved å utvikle oss og bli betre vil vi i sum bruke mindre pengar til drift.

Med bakgrunn i store investeringar finansierte ved låneopptak dei siste åra, er finansinntektene lågare enn finanskostnadane. Dette indikerer at framtidige investeringar bør finansierast ved bruk av fond framfor ytterlegare låneopptak. Då unngår vi at renter og avdrag legg beslag på ein for stor del av driftsmidla til kommunen. Som kommune bør vi difor vere flinke til å sette av pengar til fond når vi har moglegheit til det.


Dei budsjetterte finansinntektene for 2022 er i tråd med kva vår finansrådgjevar Gabler tilrår. Det er lagt til grunn ei forventet avkastning på 2,8 %. Finansmarknaden er som kjent ganske kjensleg for internasjonale hendingar, men avkastninga er likevel høgare enn det som alternativa gjev.

Covid-19-pandemien har hatt innverknad på kommunen heilt fram til nå, og vi må ikkje sjå bort frå at den òg kan ha innverknad i 2022 – ikkje minst fordi pandemien på verdsbasis på langt nær er over. Lokalt kan vi framleis få smitte som blomstrar opp, men det er likevel grunn til å tru at dette er noko som er handterbart med dei ressursane vi og våre nabokommunar har.


Frå og med 2022 er Åseral kommune heilt integrert i region Setesdal. Dette ser vi positivt på, men ser òg at nye interkommunale samarbeid krev ekstra innsats både fagleg, administrativt og økonomisk. Dette er det teke høgde for i budsjettet.

Åseral er ein kommune med god økonomi, flinke tilsette med god kompetanse, godt samarbeid både internt og eksternt og ein god skaparvilje – så vi har eit veldig godt utgangspunkt for vidare utvikling. Samstundes har vi eit potensial når det kjem til strategisk arbeid og heilskapleg tilnærming til å bidra til å utvikle samfunnet Åseral dei neste 10–12 åra. Her vil god, overordna samfunnsplanlegging og samarbeid på tvers av offentleg, privat og frivillig sektor vere avgjerande for å lukkast. Administrasjonen i kommunen ser fram mot å bidra i dette arbeidet, og vi har trua på at vi kan lukkast.

Åseral er så absolutt ei positiv kraft!



Kåre Einar Larsen
Kommunedirektør



@helenehljosland



@eikerapen



@evaasland



@minnekultursenter



2. HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN

2.1 OM PLANARBEIDET OG FORANKRING I LOVVERKET

Føresegnene om utarbeiding av økonomiplan finn vi i kommunelova § 14-4. Kommunestyret skal kvart år vedta ein økonomiplan som minst omfattar dei fire neste budsjettåra. Han skal gje eit realistisk oversyn over forventa inntekter/utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

I plan- og bygningslova § 11-1 er det stilt krav om at kommunen skal ha ein samla kommuneplan som inneheld ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Handlingsdelen tek føre seg korleis planen skal følgast opp dei neste fire åra og skal reviderast årleg. Kommuneplanens samfunnsdel 2015–2025 vart vedteken i 2015, medan arealdelen vart vedteken i 2011. Kommunen har nå ein pågåande prosess med å revidere samfunnsdelen.

Frå og med 2016 har vi valt å kople handlingsdelen av kommuneplanen saman med økonomiplanen. Dette er i tråd med plan- og bygningslova § 11-1. Dokumentet vart då heitande *Kommuneplanens handlingsdel med økonomiplan og budsjett*. På denne måten ønskjer vi å sikre ei tettare kopling mellom kommuneplan, økonomiplan og budsjett. Vidare ønskjer vi med dette å løfte opp kommuneplanens samfunnsdel til å bli eit tydeleg styringsverktøy. Etter revidering av økonomireglementet har dette dokumentet nå blitt heitande *handlings- og økonomiplan*.

Konkret skal handlings- og økonomiplanen sikre:

- Godt økonomisk oversyn – her samlar vi trådane og gjer prioriteringar
- Langsiktigheit og kontinuitet
- At kommunen har eit samordnande og strategisk dokument
- Kommunestyret si bestilling til administrasjonen – avklaring av politiske prioriteringar og at administrasjonen konsentrerer sitt arbeid kring dette
- Rammer for drift og prosjekt

Gjennom årsmelding og tertialrapportering (budsjettkontroll) vil vi sjå til korleis status er i høve til handlings- og økonomiplan, og om kommunen får gjennomført vedtekne planar.

Tiltaka som ligg inne i dokumentet har ei kopling til kapittel/punkt i kommuneplanens samfunnsdel. Gjennom året vil vi likevel oppleve at det er tiltak som dukkar opp og som må handterast, til dømes som følge av avvik, vedlikehaldstrong eller uventa forhold. Desse vil i mange høve ikkje ha direkte kopling til kommuneplanens samfunnsdel. Prosjekt/driftstiltak som kjem opp gjennom året bør likevel vere unntaket.

Kommunal planstrategi vart vedteken av kommunestyret hausten 2020. Planstrategien tek føre seg kva utfordringsbilete kommunen står overfor og kva planarbeid som skal prioriterast inneverande kommunestyreperiode. Kommunestyret skal vedta ny planstrategi innan eitt år etter konstituering.

2.2 PROSESS

Kommunedirektøren, kommunalsjefar og einingsleiarar har saman med tillitsvalde og hovudverneombod delteke i arbeidet med handlings- og økonomiplanen. På denne måten vert det ei meir sams forståing av utfordringar på einingane, med siktemål at heile organisasjonen dreg i same retning uavhengig av kva sektor vi høyrer til.

Det er kommunestyret som vedtek handlings- og økonomiplan etter innstilling frå formannskapet. Kommunedirektøren utarbeider eit framlegg til formannskapet.

2.3 FØRINGAR I KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL, MÅLSETTINGAR MV.

Gjennom kommuneplanens samfunnsdel har kommunestyret vedteke visjon, overordna målsetting og verdier som vi skal arbeide etter. Det vert synt til kommuneplanens samfunnsdel kap. 1 og 2.

Visjon:

ÅSERAL – EI POSITIV KRAFT

Visjonen speglar kommunen si rolle som kraftkommune og vertskap for fornybar energi. Vidare vår vilje og evne til å bidra der vi ser at det er naudsynt og klokt. Visjonen er òg eit uttrykk for korleis vi ønsker å bli oppfatta blant innbyggjarar, turistar/hytteigarar, næringsdrivande og andre.

Overordna målsetting:

ALLE I ÅSERAL SKAL OPPLEVE GOD LIVSKVALITET OG VERE GODT RUSTA TIL Å MØTE FRAMTIDA

Våre verdier er:

- Særprega
- Venleg
- Aktiv
- Romsleg

Kommuneplanens samfunnsdel blei vedteken i 2015. Han er konsentrert om mål og strategiar innan følgjande område:


- Åseral – attraktiv for næringsverksemd
- Åseral – attraktiv for vitjande
- Åseral – attraktiv som bustadkommune
- Folkehelse
- Likestilling
- Energi og klima
- Samfunnstryggleik og beredskap



2.4 STATISTIKK


Utviklinga i innbyggartalet

Figuren under syner utviklinga i innbyggartalet per 1. januar i perioden 2012–2021.





Befolkningssamansetning

Tal innbyggjarar må sjåast i nær samanheng med alders- og kjønnsamansetning. Figuren under syner folkemengd etter kjønn og aldersgrupper i 2021.



Tal fødde 2006–2020

Figuren under syner tal fødde i perioden 2006–2020. Figuren illustrerer godt svinginga i årskull.



2.5. KOMMUNEN SITT HANDLINGSROM OG BUDSJETTRAMME

Åseral kommune går ei spennande tid i møte. Det skjer ting både internt i organisasjonen og eksternt. Vi held nå på med ein prosess med rullering av kommuneplanen og er i gang med ein organisasjonsgjennomgang. Vi har tru på at desse prosessane vil gje oss ei retning med tanke på kva kommunen vil satse på og kva tiltak som skal utførast dei neste åra. Håpet er òg at vi skal oppnå betre effektivitet og styrke den økonomiske drifta gjennom ein slik prosess.

Rundt oss er det framleis covid-19 i samfunnet, ny regjering er på plass og finansmarknaden er «all time high» og kan få ein korreksjon. Straumprisane er òg på eit rekordhøgt nivå, og det sentrale inntektssystemet til kommunane er oppe til utgreiing. Alle desse momenta kan påverka korleis den økonomiske situasjonen for kommunen blir i åra framover. Det kan difor vere utfordrande å ta høgde for desse tinga når vi budsjetterer. I budsjettet vårt legg vi til grunn den informasjonen vi har på nåverande tidspunkt. Viss situasjonsbildet blir endra undervegs i budsjettåret, vil det kunne få økonomiske konsekvensar for kommunen.

Vi har fleire inntekter som er avhengig av utviklinga i straumproduksjon og straumprisar. Både naturressursskatt, eigedomsskatt, utbytte frå Agder Energi og konsesjonskraft blir alle påverka av straummarknaden. Vi har i perioden fått auka inntekter frå sal av konsesjonskraft samanlikna med tidlegare år. Konsesjonskraft IKS (KIKS), som sel krafta for oss, har ein sikringsstrategi som gjer at store delar av inntekta blir sikra i forkant av budsjettåret. Det å sjå denne inntekta i samanheng med utbytte frå Agder Energi (AE) kan vere ei god tilnærming. Sikringsstrategien til KIKS kan vere ei motvekt til inntektsbortfall viss utbytte frå AE er lågare grunna låge salsinntekter.

Åseral har som nemnt store inntekter frå vasskraftutbygging i kommunen. Dette er svært viktige inntekter for at kommunen kan yte gode tenester til kommunen sine innbyggjarar. Det er fallande inntekter på eigedomsskatt frå kraftproduksjonen som er det mest alvorlege for kommunen sin økonomi. Det som skaper noko usikkerheit til denne inntekta er korleis dei omfattande investeringane vil slå ut. Auka driftsutgifter vil påverke verdsetting og grunnlag for eigedomsskatt.

Vi har budsjettetert med eit positivt netto driftsresultat på 0,97 mill. i 2022 og mellom 4,7 mill. og 10,7 mill. i perioden 2023–2025. Netto driftsresultat i 2022 utgjer 0,83 % av driftsinntektene. For 2023 og framover utgjer netto driftsresultat 4 % eller meir.

Vi har laga eit budsjett som er i balanse for alle åra i planperioden, og vi har oppnådd dette utan bruk av disposisjonsfond til drift og driftstiltak. Jo lengre ut i planperioden vi kjem, desto meir usikre er tala vi har brukt, og vi må difor ha dette i tankane når vi les handlings- og økonomiplanen. I 2022 blir det sett av totalt 2,9 mill. til verdiregulering av Agder Energi-fondet og 2 mill. til disposisjonsfond som eit mindreforbruk. I tillegg til verdiregulering av AE-fondet så set vi årleg av mellom 1,8 mill. og 9,65 mill. til disposisjonsfond i perioden 2023–2025.

For å halde finanskostnadane nede, har vi valt å gjere investeringane i perioden utan nye låneopptak. Dette vil i løpet av perioden redusere finanskostnadane sjølv om renta skal auke. Målet er at kommunen på sikt igjen skal få positive netto finanskostnadar som kan bidra til betre kvalitet og fleire tenester.

For årsgebyra for vatn og avløp (VA) er det lagt opp til ei jamn prisstigning på 4 % for avløp i perioden, medan vatn varierer mellom -35,6 % og 11 % endring. Det medfører at sjølvkostfondet for avløp blir reduserte med ca. 3,1 mill. og for vatn med ca. 4,46 mill. i planperioden. Det er i planperioden lagt opp til å oppnå sjølvkost for alle åra. Vi viser til vedlagte budsjettnotat frå EnviDan.

Vi har i budsjettprosessen hatt som målsetting å redusere driftsrammene. Viss ein tek høgde for pris- og lønsvest, så har vi klart å redusere rammene med 2,67 mill., ein reduksjon på 2,36 % samanlikna med 2021. Dette er på trass av at kostnadsnøkkelen for kommunen er auka i statsbudsjettet med 0,9 prosentpoeng, som betyr at kommunen blir sett på som dyrare å drifte i 2022.

Det er i planperioden ikkje lagt opp til nye generelle kutt på einingane. Organisasjonsgjennomgangen vil vise kva potensiale organisasjonen har når det gjeld effektivisering. Det er uansett viktig at vi heile tida utnyttar dei effektivitets- og innsparingspotensiala kommunen har.

Økonomiplan drift 2022–2025

Økonomiplanen for 2022–2025 er gjort opp i balanse, totalt sett og for kvart år i planperioden.

Arbeidet med å redusere driftsutgifter og auke driftsinntekter må halde fram i heile perioden.

Dei grepa og føresetnadane som ligg til grunn for budsjettet 2022 er omtalt under kapittel 3 – budsjett 2022.

Dei største sentrale inntekstspostane i budsjettet blir gått gjennom under eige kapittel.

Økonomiplan drift (Beløp i 2022-kroner)	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
<u>Generelle driftsinntekter</u>				
Rammetilskot	-38 120 000	-38 500 000	-39 200 000	-39 740 000
Inntekts- og formuesskatt	-27 830 000	-27 830 000	-27 830 000	-27 830 000
Eigedomsskatt	-19 640 000	-19 640 000	-19 640 000	-19 640 000
Naturressursskatt	-14 900 000	-14 900 000	-14 900 000	-14 900 000
Konsesjonsavgifter	-6 640 000	-6 640 000	-6 640 000	-6 640 000
Konsesjonskraft	-10 370 000	-10 370 000	-10 370 000	-10 370 000
Andre generelle driftsinntekter	0	0	0	0
Sum generelle driftsinntekter	-117 500 000	-117 880 000	-118 580 000	-119 120 000
<u>Netto driftsutgifter</u>				
Sum løyvingar drift, netto	113 284 000	109 960 000	107 778 000	105 879 000
Avskrivningar	15 500 000	15 500 000	15 500 000	15 500 000
Sum netto driftsutgifter	128 784 000	125 460 000	123 278 000	121 379 000
Brutto driftsresultat	11 284 000	7 580 000	4 698 000	2 259 000
<u>Finansinntekter/-utgifter</u>				
Renteinntekter	-970 000	-1 400 000	-1 600 000	-1 640 000
Utbytte	-3 500 000	-3 500 000	-3 500 000	-3 500 000
Gevinst/tap fin. omløpsmidlar	-4 560 000	-4 640 000	-4 730 000	-4 810 000
Renteutgifter	3 100 000	3 570 000	3 480 000	3 310 000
Avdrag på lån	9 175 000	9 175 000	9 175 000	9 175 000
Netto finansinntekter/-utgifter	3 245 000	3 205 000	2 825 000	2 535 000
Motpost avskrivningar	-15 500 000	-15 500 000	-15 500 000	-15 500 000
Netto driftsresultat	-971 000	-4 715 000	-7 977 000	-10 706 000
<u>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</u>				
Overføring til investering	0	2 630 000	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	6 640 000	6 640 000	6 640 000	6 640 000
Bruk av bundne driftsfond	-8 133 000	-8 091 000	-7 905 000	-9 017 000
Avsetningar til disposisjonsfond	9 003 000	10 221 000	14 662 000	18 613 000
Bruk av disposisjonsfond	-6 539 000	-6 685 000	-5 420 000	-5 530 000
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	971 000	4 715 000	7 977 000	10 706 000
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

Driftstiltak i planperioden

Det har i arbeidet med budsjett og økonomiplan kome fram mange gode forslag til driftstiltak. Slike tiltak vil gje forbetringar i kommunen si tenesteyting, og utgiftene vil ikkje vere av varig karakter. På grunn av stram økonomi har mange av forslaga ikkje fått prioritet.

Namn på driftstiltak (beløp i 1000 kroner)	Kostnad	Finansiering	Avdeling
Driftstiltak budsjett 2022			
Sluttføring kunstprosjekt Ljosland	65	drift	DRU
VA-plan Berge	250	drift	DRU
Håvestøl bru	200	drift	DRU
Håvorstad bru nr. 003 (over Mandalselva)	1 050	drift	DRU
Reasfaltering Grokleiv 1	105	drift	DRU
Veg Hamkoll	1 100	drift	DRU
Reasfaltering Heslingbrokka	85	drift	DRU
Oppgradere SD-anlegg	100	drift	DRU
Vindauge skulen	600	drift	DRU
Fjellsikring ved motorklubb	80	drift	DRU
Driftstiltak budsjett 2023			
Kommuneplan	250	drift	DRU
Reasfaltering Ljosland	600	drift	DRU
Røysland bru	400	drift	DRU
Veg Kittelstad	1 000	drift	DRU
Driftstiltak budsjett 2024			
Hamkoll bru	150	drift	DRU
Veg Kittelstad	1 000	drift	DRU
Driftstiltak budsjett 2025			
Stinemyr bru	150	drift	DRU

Økonomiplan investering 2022–2025

Budsjett for investeringar 2022–2025 er gjort opp i balanse for kvart år i planperioden.

Det er i planperioden ikkje budsjettert med låneopptak anna enn til startlån. For å halde avdrag stabilt og for å redusere rentekostnadane i perioden er alle investeringane budsjettert med bruk av fond. For 2022 blir det brukt av investeringsfond, medan det i 2023 er planlagt bruk av disposisjonsfond.

Det er i planperioden planlagt investeringar på til saman kr 8,69 mill. der 5,65 mill. gjeld 2022 og 3,038 mill. gjeld 2023. Investeringar for 2024 og 2025 er ennå ikkje heilt konkretisert.

Det er i økonomiplanen teke høgde for å søke om startlån frå Husbanken i 2022 pålydande 1 mill. Det har dei siste åra vore etterspørsel og behov for startlån, og det er difor viktig at vi har midlar å låne ut til dette formålet. Lånebehovet vil bli vurdert før vi eventuelt føreteik låneopptaket i 2022. I resten av planperioden er det ikkje lagt opp til meir låneopptak sidan dette må sjåast i samanheng med korleis etterspørselen for dette utviklar seg i 2022.

Tabellen syner samla investeringsutgifter, og korleis dette blir finansiert. Dei einskilde prosjekta blir nærare omtalt under rammeområda sine kommentarar.

Budsjettskjema – investering (Beløp i 2022-kroner)	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025
<u>Investeringsutgifter</u>				
Investeringar i varige driftsmiddel	5 555 000	3 038 000	0	0
Tilskot til andres investeringar	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	0	0	0	0
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	5 555 000	3 038 000	0	0
<u>Investeringsinntekter</u>				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-236 000	-408 000	0	0
Tilskot frå andre	0	0	0	0
Sal av varige driftsmiddel	0	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	0	0	0	0
Bruk av lån	0	0	0	0
Sum investeringsinntekter	-236 000	-408 000	0	0
<u>Vidareutlån</u>				
Vidareutlån	1 000 000	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	-1 000 000	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	670 000	660 000	660 000	650 000
Mottekne avdrag på vidareutlån	-670 000	-660 000	-660 000	-650 000
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0
<u>Overføring frå drift og netto avsetningar</u>				
Overføring frå drift	0	-2 630 000	0	0
Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Avsetningar til ubundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-5 319 000	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	-5 319 000	-2 630 000	0	0
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0

Investerings tiltak i planperioden

Namn på investeringstiltak (beløp i 1000 kroner ekskl. mva.)	Kostnad	Finansieringskilde	Avdeling
Investerings budsjett 2022			
Oppgradering internett	214	Investeringsfond (253 080 100)	OPPLEV
Utstyr digitalisering	180	Investeringsfond (253 080 100)	OPPLEV
Bil	300	Investeringsfond (253 080 100)	OPPLEV
Høgdebasseng Bortelid	4 000	Investeringsfond (253 080 100)	DRU
Bil	375	Investeringsfond (253 080 100)	DRU
Lager 4/63	250	Investeringsfond (253 080 100)	DRU
Investerings budsjett 2023			
Kopimaskin	150	Drifts- og investeringsfond (256 080 001)	Sentral- administrasjonen
Utstyr digitalisering	180	Drifts- og investeringsfond (256 080 001)	OPPLEV
Bil	300	Drifts- og investeringsfond (256 080 001)	OPPLEV
Bortelid RA	1 000	Drifts- og investeringsfond (256 080 001)	DRU
Veg Stinemyr	1 000	Drifts- og investeringsfond (256 080 001)	DRU



2.6 EINSKILDE SENTRALE INNTEKTSPOSTAR

2.6.1 STATSBUDDSJETTET OG RAMMETILSKOT

Forslag til statsbudsjett for 2022 legg opp til at Åseral kommune får ein vekst i frie inntekter (skatt og rammetilskot, ekskl. eigedomsskatt) på 2,5 %, som er 1,1 prosentpoeng høgare enn for 2021. For landet er det rekna ein vekst på 1,6 %. Åseral kommune kjem betre ut enn dei fleste kommunane i Agder. Det er fleire årsaker til dette, men ein viktig grunn er at staten meiner at kommunen vil bli dyrare å drive. Kostnadsindeksen er auka med 0,9 prosentpoeng.

Veksten i frie inntekter dekker nesten løns- og prisveksten. Forskjellen på deflator på 2,8 % og veksten i frie inntekter på 2,5 % tilsvarer ein realvekst på -0,3 % for 2022. Samstundes veit vi at mange av inntektene som kommunen har som vert for vasskraft heller følger løns- og prisveksten.

Rammetilskotet blir tildelt Åseral kommune etter mange kriterium. Folketal og alderssamansetning er dei viktigaste kriteria. I tillegg kjem mange former for utgiftsutjamning. Kostnadsindeksen for Åseral var for 2021 på 1,38, medan han for 2022 er berekna til 1,39. Det vil seie at det i framlegg til statsbudsjett er berekna at Åseral er dyrare å drive i 2022. Dette gjev meir uttelling ved utgiftsutjamninga, som er ein del av rammeoverføringane til kommunane. Redusert folketal er dessverre ikkje einsbetydande med at utgiftene til tenestene blir reduserte. Ser vi på skulen, betyr nedgang i elevtalet ikkje nødvendigvis mindre utgifter. Det er først når vi får færre klassar at utgiftene kan reduserast.

Ved tildeling av rammetilskot blir det òg føreteke ei inntektsutjamning. For Åseral kommune, som har skatteinntekter over landsgjennomsnittet, blir det eit trekk i overføringane. Trekket kommunen får er på 60 % av inntektene som er over landsgjennomsnittet. Ut frå prognosar for skatteinntektene vil det utgjere 6,6 mill. kroner i 2022. Inntektsutjamninga medverkar til at det er vanskeleg å gje ein god prognose for rammetilskot då det tek utgangspunkt i folketal per 1. januar 2022 og innbetalt skatt igjennom året 2022 (skatt frå forskotspliktige og naturressursskatt). Vi har i modellen frå KS som bereknar rammetilskotet lagt til grunn same folketal i januar 2022 som per juli 2021. Vi vel å sjå meir positivt på utviklinga av folketalet enn det SSB legg til grunn. Vi må ha tru på at folketalet i kommunen held seg stabilt og ikkje blir monaleg redusert.

Frå 1. januar 2022 gjeld nytt verkeområde for differensiert arbeidsgjevaravgift med endringar i soner for 11 kommunar. Åseral kommune er ein av desse kommunane og kjem gledeleg i sone 2 (og sats 10,6 %) for ein sjuårsperiode f.o.m. 1.1.2022. Kommunen blir trekt kr 1,883 mill. i rammetilskot for 2022, mens den faktiske mindrekostnaden vår er 2,862 mill. kr. Dette blir trekt ut frå rammene til dei ulike planområda. Vidare blir reduksjonen i arbeidsgjevaravgift trekt inn på rammetilskotet med 1/6 kvart år dei neste åra t.o.m. 2028.

Satsingane i forslag til statsbudsjett og påverknaden på Åseral sitt budsjett er kommentert på kvart planområde. Vi får då følgande rammetilskot i planperioden:

År (Alle beløp i kr 1000)	2022	2023	2024	2025
Rammetilskot	-38 120	-38 500	-39 200	-39 740



2.6.2 SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE

Åseral kommune har framleis skatteinntekter som er godt over landsgjennomsnittet. I tillegg til skatt frå inntekt og formue (personskatt) har kommunen naturressursskatt.

Skatteinntektene i 2022 for forskotspliktige er budsjettert med eit anslag henta frå prognosemodellen til KS. Her legg dei til grunn gjennomsnittlege skatteinntekter i kommunen dei siste 3 åra.

Det er budsjettert med 14,9 mill. i naturressursskatt i heile planperioden, som er en reduksjon frå 2021 på 0,22 mill. Reduksjonen skuldast at år 2014 forsvinn ut av snittberekninga og blir erstatta av eit år med mykje lågare produksjon. Det same vil gjelde for 2023 med tanke på at 2015 forsvinn frå grunnlaget. Naturressursskatten blir berekna med 1,1 øre/kWh til kommunen av gjennomsnittleg kraftproduksjon dei siste sju åra. Så vil nedbørsmengd, tidspunkt nedbøren kjem på og straumprisen vere med og bestemme kraftproduksjonen for åra i planperioden.

Beløpet på 1,1 øre/kWh har stått stille sidan denne skatten blei innført i 1997. Det betyr at denne inntekta blir mindre verd for kvart år når vi tek med prisendringane som skjer.

For planperioden har vi budsjettert med følgande skatteinntekter:

År (Alle beløp i kr 1000)	2022	2023	2024	2025
Skatt på inntekt og formue	-27 830	-27 830	-27 830	-27 830
Naturressursskatt	-14 900	-14 900	-14 900	-14 900

2.6.3 EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatt er fortsatt den viktigaste inntektskjelda til Åseral kommune trass i at inntekta har blitt redusert dei siste åra. Det gode med denne inntekta er at ho ikkje blir samordna med overføringane frå staten (rammetilskotet). Vi beheld eigedomsskatten utan å bli trekt andre stadar.

Åseral skriv ut eigedomsskatt etter § 3 første ledd bokstav c i eigedomsskattelova «berre på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». I tillegg er det overgangsreglar for dei verksemdene som fell utanfor den nye ordlyden i § 3 første ledd bokstav c som kom i år 2019. Overgangsreglane gjeld verksemdar som var ein del av den gamle § 3 første ledd bokstav c «berre på verk og bruk i heile kommunen» i eigedomsskattelova. Dei det gjeld får skrive ut eigedomsskatt etter eit særskilt grunnlag. Overgangsreglane gjeld frå 2019 til og med 2024.

Hovudkjelda til eigedomsskatt er kraftanlegga til Agder Energi, og dei er ikkje råka av endringane i eigedomsskattelova. For Skjerka og Håvorstad kraftverk har nye investeringar i dammar og tunell medført ein monaleg reduksjon i eigedomsskatten.

Vi er usikre på korleis endringane i skattereglane om grunnrenteskatt slår ut for kraftverka til Agder Energi i Åseral frå 2022. Dette er ikkje avklart frå Finansdepartementet og heller ikkje teke høgde for i budsjetterte inntekter frå eigedomsskatt for kommunen i denne perioden. Grunnrenteskatten til staten kan som kjent trekkast frå i grunnlaget for eigedomsskatten.

Småkraftverk får ein formuesverdi ut frå investert beløp med fråtrekk for slit og elde. For andre kraftverk vil formuesverdien i hovudsak reknast med grunnlag i eit gjennomsnitt av spotpris for straum dei siste fem åra, med frådrag for driftsutgifter/grunnrenteskatt for kvart kraftverk. Verdien av kraftverka vil svinge ettersom straumpris og kostnader endrar seg. Grunnlag for eigedomsskatt frå kraftverka til Agder Energi for 2022 skal bygge på siste skattelikning av selskapet. For budsjett 2022 er det likning for 2020.

Kommunen har ikkje fått grunnlaget for utskrivinga av eigedomsskatt for kraftverka for 2022 frå Skatteetaten. Det er opplysningar frå Agder Energi Vannkraft om grunnlaget før likning som er lagt til grunn for eigedomsskatten for kraftverka.

Straumprisen i 2020 var svært låg, og det vil føre til lågare skatt frå kraftverka. I tillegg påverkar utbyggingane i Åseral Nord eigedomsskatten negativt. Reduksjon i eigedomsskatt frå kraftverka til Agder Energi frå år 2021 til 2022 ser ut til å bli på 2,18 mill. kr.

Alle anlegg i Åseral som er eigd av Agder Energi vil for eigedomsskatteåret 2022 ha ein formuesverdi under maksimumstaket.

Det er ikkje lagt opp til å innføre generell eigedomsskatt i planperioden.

Økonomiplanen har lagt til grunn at vi skriv ut eigedomsskatt etter § 3 første ledd bokstav c og har maksimumssats på 7 promille (7/1000) av verdien på eigedommane.

Vi ser i dag føre oss følgande inntekter frå eigedomsskatt i perioden 2022–2025:

År (Alle beløp i kr 1000)	2022	2023	2024	2025
Eigedomsskatt	-19 640	-19 640	-19 640	-19 640

2.6.4 SAL AV KONSESJONSKRAFT

Kommunen får konsesjonskraft frå utbyggingane i vassdraga våre. Frå 2015 har krafta blitt forvalta av *Konsesjonskraft IKS*, selskapet som kommunen gjekk inn som medeigar av i 2014.

Inntekta frå sal av konsesjonskraft til kommunen blir som kjent avgrensa av straumforbruket innanfor kommunen sine grenser. Åseral har blitt tildelt mykje meir konsesjonskraft enn straumforbruket. Den delen av konsesjonskrafta som kommunen ikkje kan ta ut blir tildelt Agder fylkeskommune. Åseral kommune er tildelt 101,3 GWh, og i 2022 er det anslått at vi totalt vil selje 42,6 GWh.

Olje- og energidepartementet (OED) har i konsesjonane gjevne til Skjerkavassdraget og *Åseral Nord* endra kjøpspris for konsesjonskrafta frå ein sjølvkostpris til ein OED-pris. OED-pris vil seie at prisen på krafta blir fastsett basert på gjennomsnittleg sjølvkost for ei representativ mengd vasskraftverk i heile landet. OED-pris vil for framtida også bli lagt til grunn i nemnde konsesjonar.

Konsesjonskraft IKS sel krafta slik at vi i forkant av eit nytt budsjettår veit prisen og inntekta vi får for konsesjonskrafta. Vi opplever for tida høge salsprisar for straum. Det gjev igjen høgare inntekter frå sal av konsesjonskrafta samanlikna med tidlegare år. Vi ligg an til å få stabile inntekter frå sal av konsesjonskraft i perioden grunna sikringsstrategi tre år fram i tid.

Inntekta vert for budsjettperioden halde stabil. Vi har for perioden lagt til grunn budsjettforslaget frå *Konsesjonskraft IKS* for denne inntekta.

I planperioden 2022–2025 har vi budsjettert med følgande inntekter frå sal av konsesjonskraft:

År (Alle beløp i kr 1000)	2022	2023	2024	2025
Konsesjonskraft	-10 370	-10 370	-10 370	-10 370

2.6.5 KONSESJONSAVGIFTER

Kommunen får konsesjonsavgifter for utbygging av vasskraft i Åseral. Då denne avgifta kom i lovverket, skulle ho kompensere for skadar og ulemper og sikre det offentlege ein del av verdiane. Konsesjonsavgifta kan sjåast på som ei miljøavgift. Denne inntekta er rekna til å gje kommunen 6,64 mill. i 2022.

Konsesjonsavgifter kan vi ikkje sjå på som frie inntekter for kommunen då bruk av denne inntekta er regulert i forskrifter.


Budsjettet for planperioden 2022–2025 for konsesjonsavgifter er følgende:

År (Alle beløp i kr 1000)	2022	2023	2024	2025
Konsesjonsavgifter	-6 640	-6 640	-6 640	-6 640

2.6.6 ANDRE GENERELLE STATSTILSKOT

Åseral kommune forventar ingen andre generelle statstilskot i planperioden.





2.7 FINANSPOSTAR

2.7.1 FINANSINNTEKTER

Kommunen har monalege midlar etter sal av aksjar i Agder Energi. Avkastninga av denne finanskapitalen er vanskeleg å budsjettere, spesielt med dei svingingane vi har sett dei siste åra. Vi vel å budsjettere med ei avkastning på 2,8 % i 2022 etter råd frå vår rådgjevar i Gabler. Gabler meiner at rentenivået nå er lågt og langt under inflasjonsforventningane på grunn av langvarig ekspansiv pengepolitikk. Då er det vanskeleg å bruke tradisjonelle metodar for å estimere avkastning, då desse tek utgangspunkt i ein tese om at marknaden styrer rentenivået tilnærma lik inflasjonen, og så reknar påslag for ulike aktivaklassar basert på historisk meiravkastning. Det kan nå vere meir føremålstenleg å sjå på den faktiske løpande renteavkastninga i obligasjonsdelen og bruke denne som prognose for framtidig avkastning. Forsiktig budsjettering tilsier ei slik tilnærming og vil da gje ei forventa avkastning på porteføljen på 2,8 %.

For å nå ei slik avkastning, må kommunen plassere midlar også i verdipapir med høgare risiko enn innskot i bank. Vi brukar eit uavhengig rådgjevingssfirma til hjelp i dette arbeidet. Kommunen sitt finansreglement, vedteke av kommunestyret, set rammer for plasseringane.

I forslag til budsjett for planperioden har vi lagt til grunn at 1,8 % av avkastninga blir sett på fond slik at kapitalen omtrent blir uendra i forhold til prisutviklinga, jf. kommunen sitt finansreglement pkt. 4.3.1.

Agder Energi betaler ut utbytte for 2022 med grunnlag i rekneskapen for 2020, altså siste avlagte rekneskap. Utbyttet vil av den grunn vere kjent første året i planperioden. Åsral får 3,5 mill. i utbytte i 2022, ein auke frå 2021 på 1,05 mill. Vi har budsjettert med 3,5 mill. i utbytte for åra 2023–2025.

Kommunen har fram til nå hatt god likviditet og monalege midlar plassert i bank, og med det låge investeringsnivået i planperioden meiner vi kommunen sin likviditet blir god også i denne perioden. Renter frå driftskonti i bank er anslått til 0,97 mill. for 2022. Vi har lagt til grunn at renta på innskot vil gå noko opp i planperioden og har auka inntekta for åra 2022–2025.

Kommunen har budsjettert med følgjande finansinntekter i perioden 2022–2025:

Finansinntekter (Alle beløp i kr 1000)	2022	2023	2024	2025
Renteinntekter	-970	-1 400	-1 600	-1 640
Utbytte	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
Gevinst/tap fin. omløpsmidlar	-4 560	-4 640	-4 730	-4 810
Sum finansinntekter	-9 030	-9 540	-9 830	-9 950



2.7.2 FINANSUTGIFTER

Kommunen har dei seinare åra finansiert fleire store investeringsprosjekt med langsiktige lån. Vi har gått frå å vere ein kommune med lite lån per innbyggjar til å vere ein av kommunane med mest lån per innbyggjar i Agder. Slik det ligg an nå så vil Åseral ha ei gjeld som tilsvarer kr 174 853 per innbyggjar i slutten av 2021.

I perioden 2022–2025 er det ikkje planlagt låneopptak, med unntak av 1 mill. i 2022 i lån frå Husbanken til utdeling av startlån. Målet er at lånegjelda skal reduserast i løpet av planperioden slik at belastninga på drift med renter og avdrag ikkje blir like stor. Målet er at vi på sikt igjen skal få eit positivt finansresultat.

Vi vil sjå av tabell under finansutgifter at utgifter til renter og avdrag aukar frem til 2023 for så å minke litt i åra etter dette.


Det er lagt til grunn eit rentenivå på 1,81 % i 2022, og deretter ein gjennomsnittleg auke med 0,28 prosentpoeng per år i resten av planperioden. Vi har inngått avtalar om fastrente for ca. 11 % av låneporteføljen. I løpet av 2023 vil alle fastrenteavtalar opphøre. Det vil bli føreteke ei løpande vurdering på om vi skal ha fastrenteavtalar eller flytande rente.

Kommunen driv med vidareformidling av startlån for Husbanken. Dette er lån som skal gjevast til personar som er langvarig økonomisk vanskelegstilte eller husstandar som har barn eller særlege sosiale eller helsemessige utfordringar og som har problem med å kome seg inn på bustadmarknaden. Vi har budsjettert med å ta opp 1 mill. i startlån i 2022 sidan det frå 2019 har vore noko pågang av søkarar til dette føremålet. Avdrag som kommunen betaler på desse låna og avdrag kommunen får inn frå låntakarar blir budsjettert i investeringsbudsjettet.

Kommunen har budsjettert følgande utgifter til renter og avdrag i perioden 2022–2025:

Finansutgifter (Alle beløp i kr 1000)	2022	2023	2024	2025
Renteutgifter	3 100	3 570	3 480	3 310
Avdrag på lån	9 175	9 175	9 175	9 175
Sum finansutgifter	12 275	12 745	12 655	12 485





2.8 ORGANISERINGA I KOMMUNEN

Kommunedirektør	
Sentral- administrasjon	Økonomi Einingsleiar
	Service, reiseliv og kultur Einingsleiar
	Stab (kommuneoverlege, folkehelsekoordinator, personal- og organisasjonsleiar)
Avdeling for drift og utvikling Kommunalsjef	Avdeling for oppvekst og levekår Kommunalsjef
Utvikling Einingsleiar	Barnehage Einingsleiar
Drift og vedlikehald Einingsleiar	Skule Einingsleiar
	Helse og velferd Einingsleiar
	Pleie, rehabilitering og omsorg Einingsleiar

2.8.1 FELLES – PLANOMRÅDE 600

Kommunen har dei siste åra budsjettert med ein post for lønsoppgjer som ikkje blir fordelt til planområda før lønsoppgjeret er ferdig. Einingane vil etter ferdig forhandla lønsoppgjer få tilført midlar i same storleik som dei får auka sine utgifter til løn og sosiale kostnader. Storleik på denne fellesposten går fram av tabell for felles planområde.

Åseral kommune har gjennom mange år hatt store VA-utbyggingar i hytteområda. Utbyggar betaler tilkoplingsavgifter for å få tilgang til vatn og avløp. Tal VA-tilkoplingar kan variere frå år til år. Kommunen budsjetterer med denne driftsinntekta under felles planområde. Utan spesielle VA-investeringar budsjetterer vi i planperioden med 50 tilkoplingar i året.

Åseral kommune bereknar kommunale gebyr i tråd med *Retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester* (H-3/14, Kommunal- og moderniseringsdepartementet, februar 2014). Sjølvkost inneber at kommunen sine kostnader med å levere tenestene skal bli dekt av gebyr som brukarane av tenestene betaler. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på desse tenestene. Ei anna sentral avgrensing i kommunen sitt handlingsrom er at overskot frå det einskilde året som hovudregel skal tilbakeførast til abonnentane i form av lågare gebyr innan dei neste fem åra. Dette betyr at viss kommunen har avsett overskot som er eldre enn fire år, må overskot brukast til å redusere gebyr i det komande budsjettåret.

Vi budsjetterer òg med premieavvik og amortisering av premieavvik. Dette blir gjort for at det skal bli enklare å samanlikne budsjett mot rekneskap. Det kan vere stor uvisse knytt til dette beløpet. Premieavvik er ei inntekt som blir sett av på fond det eine året og som vi kostnadsfører som amortisering det andre året. Dette er ikkje ei reell inntekt, og avsetning til fond knytt til dette bør ikkje brukast som finansiering til noko anna.

Planområde 600 blir òg belasta med bankgebyr og kontingentar som vi òg vel å budsjettere med.

Til slutt har vi gjort eit anslag på kor stor skilnad det er mellom det vi trekker i pensjon på einingane som blir innbetalt til pensjonsselskapa og det pensjonsselskapa sjølv budsjetterer med at vi skal betale inn. Denne differansen vil truleg kome som ein reduksjon i kostnad i 2022.

Kommunen vil ha eit monaleg sjølvkostfond per 31.12.2021. Dette vil vi redusere i økonomiplanperioden då vi framleis budsjetterer med høge driftsutgifter og kapitalkostnader medan vi reduserer gebyrsatsene. Bruk av sjølvkostfond blir budsjettert under posten *Bruk av bundne avsetningar* i økonomiplanen. Med ei jamn prisutvikling i gebyra i økonomiplanperioden vil sjølvkostfondet for vatn bli monaleg redusert. Sjølvkostfondet for avløp vil halde seg stabilt frem til 2025 der det då vil auke monaleg. Det vert i planperioden lagt opp til å oppnå sjølvkost for alle åra for vatn og avløp. Vi viser til vedlegg til økonomiplanen vedkomande gebyrinntekter på sjølvkostområda.

Felles planområde (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Bankgebyr og kontingentar		85		85		85		85
Lønsauke 2022 til 2025 (frå 1. mai gjeldande år)		1 500		1 200		1 500		1 200
Amortisering premieavvik 2021, inkl. arbeidsgjevaravgift		6 539		4 055		5 420		5 530
Justering trekt pensjon på einingane	-3 359		-667		-637		86	
Tilkoplingsavgifter VA (50 stk. à kr 92 878 inkl. mva., 74 302 ekskl. mva.)	-3 715		-2 229		-2 229		-2 229	
Premieavvik 2022, inkl. arbeidsgjevaravgift	-4 055		-5 420		-5 530		-5 530	
Korrigert brutto	-11 129	8 124	-8 316	5 340	-8 396	7 005	-7 673	6 815
Netto ramme drift		-3 005		-2 976		-1 391		-858

2.8.2 FOLKEVALDE – PLANOMRÅDE 190

Justering av driftsramme

Politisk styring (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		4 790		4 458		5 039		4 458
Kompensasjon lønsauke 2021, foreløpig ukjent		0						
Kompensasjon lønsauke, over- heng 2022, foreløpig ukjent		0						
Redusert sats arbeidsgjevar- avgift		-48						
Kompensasjon prisvekst								
Endringer i driftsramme:								
Stortingsval 2025 - reduksjon utgifter 2022		-120						120
Redusert godtgjering til folkevalde, jf. KOS-vedtak 11.02.2021		-82						
Redusert kjøp av varer og tenester		-82						
Kommuneval 2023 - reduksjon utgifter 2024				120		-120		
Nytt kommunestyre				461		-461		
Korrigert brutto	0	4 458	0	5 039	0	4 458	0	4 578
Netto ramme drift		4 458		5 039		4 458		4 578

Planområdet er tildelt ei driftsramme på kr 4 458 000 for budsjettåret 2022 og har ein nedgang i driftsramma på kr 332 000.

Utfordringar for planområdet

På lik linje med dei andre planområda må òg planområde 190 bidra til å redusere presset på kommuneøkonomien. Pandemien har synt oss at det er mogleg å ta del i møter, konferansar og liknande via digitale plattformer og gjennom dette redusere utgifter til reiseverksemd. Dette, samt å halde tal på møte på eit nivå tilpassa behovet, vil vere viktig i denne samanhengen.

Mål for perioden

Basert på mål i kommuneplanen samt eigne målsettingar har vi sett opp desse måla for planperioden:

- Bidra til eit godt samarbeid mellom administrasjon og politikarar, både internt i kommunen og i region Setesdal.
- Ivareta arbeidsgjevaransvaret for kommunedirektøren og rette merksemd mot kommunen sin overordna arbeidsgjevarpolitikk.
- Arbeide med, og vedta, kommuneplanen for å skape ein open, langsiktig og føreseieleg politikk for Åseral.
- Arbeide for å behalde ordningane som sikrar kommunen inntektene vi får gjennom kraftutbygging: Konesjonskraft, eigedomsskatt og konsesjonsavgifter.
- Forsterke samhandlinga med frivillig sektor slik at vi saman kan møte nåtidas moglegheiter og utfordringar.
- Tidlegare investeringar med tilhøyrande høge finanskostnader, trongare økonomiske rammer og høgt kostnadsnivå i kommunen krev heilskapleg og nøysam politisk styring dei neste åra.

2.8.3 SENTRALADMINISTRASJONEN

Rammeområdet Sentraladministrasjonen består av planområda *Kommunedirektøren, Egedomskontor, Personal og organisasjon, Økonomi og Service, reiseliv og kultur.*

Justering av driftsramme

Sentraladministrasjonen (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		26 548		24 669		23 753		23 419
Kompensasjon lønsauke 2021		310						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		154						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-512						
Kompensasjon prisvekst								
Endringer i driftsramme:								
Reduksjon i løn og sosiale utgifter		-680		-880		-330		
Prosjektstilling fram t.o.m. august 2021		-700						
Tilbakeføring innsparing vakant kommunedirektørstilling		200						
Oppfølgingsordninga		260						
Redusert kjøp av varer og tenester		-11		-36		-4		
Årleg tilskot til Vest-Agder Museet		20						
Årleg lisens, lokalbasert varsling		30						
Eigenandel ved ekstern finans- iering, prosjekt i kulturminne- planen		100						
Reduserte kostnader DDV		-1 000						
Generell reduksjon driftsramme		-50						
Korrigert brutto	0	24 669	0	23 753	0	23 419	0	23 419
Netto ramme drift		24 669		23 753		23 419		23 419

Rammeområdet er tildelt ei driftsramme på kr 24 669 000 for budsjettåret 2022. Endringer, utfordringer og mål for dei underlagte driftsrammene er gjort greie for under det einskilte planområdet.

Investeringstiltak 2022–2025

Tiltak	Omtale	Punkt i kom- muneplanen	Kostnad og finansiering
Kopimaskin			150' – drifts- og investeringsfond

Handlingsprogram investeringstiltak 2022–2025

(Alle beløp i kr 1 000 og netto utgift per år)	2022	2023	2024	2025
Kopimaskin		150		

2.8.3.1 Kommunedirektøren – planområde 100

Justering av driftsramme

Kommunedirektøren (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		7 179		6 610		5 730		5 730
Kompensasjon lønsauke 2021		102						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		51						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-182						
Kompensasjon prisvekst								
Endringar i driftsramme:								
Prosjektstilling t.o.m. august 2021		-700						
Reduksjon i løn og sosiale utgifter		-300		-880				
Tilbakeføring innsparing vakant kommunedirektørstilling		200						
Oppfølgingsordninga		260						
Korrigert brutto	0	6 610	0	5 730	0	5 730	0	5 730
Netto ramme drift		6 610		5 730		5 730		5 730

Planområdet er tildelt ei driftsramme på kr 6 610 000 for budsjettåret 2022.

Dei største endringane er relatert til reduksjon i ramma med kr 700 000 pga. at mellombels prosjektstilling som rådgjevar er avslutta, effektivisering på planområdet med kr 129 000 og prosjektet med nytt tak på rådhuset vart gjennomført i 2021.

Utfordringar for planområdet

Utfordringar og moglegheiter er ofte to sider av same sak. Tidlegare investeringar med tilhøyrande høge finanskostnader, trongare økonomiske rammer og generelt høgt kostnadsnivå i kommunen krev tillit og godt samarbeid med politisk leiing og arbeidstakarorganisasjonane i åra som kjem. Målsettinga er å tilpasse kostnader og drift til behovet for tenester og samstundes gje rom for utvikling innanfor den ordinære driftsramma.

Det er fleire store, pågåande prosessar i kommunen som vil halde fram langt inn i planperioden. Dette gjeld hovudsakleg den nye kommuneplanen med både samfunnsdel og arealdel. Det vil krevje at planområdet bidreg til god samhandling og medverknad som leier fram til gode og framtidsretta strategiar for å gje ønskt utvikling.

Den pågåande organisasjonsgjennomgangen har som målsetting å innføre ein organisasjon som, gjennom tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid, skal jobbe målretta med kommunen sine strategiske målsettingar. Dette vil sannsynlegvis føre til endringar i nåverande organisasjon. Dette skal implementerast, og ikkje minst må vi arbeide målretta for å ta ut ønskje effektar av dette.



@andrineengelihaadland



@ak_tollefsen

2.8.3.2 Eigedomskontor – planområde 110

Justering av driftsramme

Eigedomskontor (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		-669		-669		-669		-669
Endringer i driftsramme:								
Korrigert brutto	0	-669	0	-669	0	-669	0	-669
Netto ramme drift		-669		-669		-669		-669


Utfordringar for planområdet

Etter eit år der eigedommane som vi leiger ut er samla under eitt ansvarsnummer kjem det tydelegare fram utfordringar i samband med utleige. Det er ei utfordring å få opp inntektene med tanke på næringslokala som kommunen eig.

Det ligg føre utfordringar med vedlikehald av utleigebustadane. Vedlikehaldsplanen må ta høgde for større slitasje på utleigebustadane enn andre bygg.

Mål for perioden

Effektivisering og rasjonalisering ved samla bruk av ressursar, inntekter og utgifter for eigedomsforvaltning.



2.8.3.3 Personal og organisasjon – planområde 120

Justering av driftsramme

Personal og organisasjon (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		2 678		2 658		2 622		2 618
Kompensasjon lønsauke 2021		19						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		9						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-37						
Kompensasjon prisvekst								
Endringer i driftsramme:								
Redusert kjøp av varer og tenester		-11		-36		-4		
Korrigert brutto	0	2 658	0	2 622	0	2 618	0	2 618
Netto ramme drift		2 658		2 622		2 618		2 618

Reduksjon med kr 20 000.

Reduksjon på lisenskostnadane vert gjort ved at aktivitetsprogrammet Pausit vert oppsagt.

Utfordringar for planområdet

Kostnadar for lærlingane vil variere noko. Avlønning varierer frå 20 % til 80 % av ordinær løn avhengig av kor langt lærlingane er komne i løpet fram til fagprøve.

Mål for perioden

- Vidareutvikle strategi og arbeid med lærlingar.
- Vidare arbeid for å auke del heiltidsstillingar og storleik på deltidsstillingar.



2.8.3.4 Økonomi – planområde 130

Justering av driftsramme

Økonomi (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		4 101		3 823		3 823		3 823
Kompensasjon lønsauke 2021		66						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		33						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-107						
Kompensasjon prisvekst								
Endringar i driftsramme:								
Reduksjon i løn og sosiale utgifter		-270						
Korrigert brutto	0	3 823	0	3 823	0	3 823	0	3 823
Netto ramme drift		3 823		3 823		3 823		3 823

Eininga hadde i fjorårets plan ei generell utfordring om innsparing på kr 83 000. Eininga har lite handlingsrom i budsjettet då mykje er bunde opp i faste stillingar og nødvendige kontingentar og konsulentar. Vi har likevel redusert ramma med kr 278 000 som følge av forventta redusering av årsverk. Vi vel også i år å ikkje sette av midlar til etablerings- og tilpassingstilskot då ordninga er lite etterspurd og brukt, og sidan vi framleis har midel ståande på fond.

Utfordringar for planområdet

Eininga vil i planperioden framleis vektlegge kjerneoppgåvene; økonomi, rekneskap, løn, rapportering, eigedomsskatt og innkjøp. Internkontroll på planområdet vil vere ei prioritert oppgåve i perioden.

Vi merkar òg at digitalisering påverkar økonomiavdelinga spesielt. Agresso er eit av hovudsystema som servar andre system med data. Det er difor viktig at vi har tid og ressursar til å vedlikehalde informasjonen som ligg her. ERP-systemet (Enterprise Resource Planning, dvs. økonomi-, rekneskap- og HR-system) er stort og komplekst, og det å utnytte dei moglegheitene som ligg i systemet er viktig.

Eininga vil framleis òg hjelpe til i jobben med å kartlegge og realisere innsparingspotensialet i kommunen. Vi vil halde fram med å ha tett oppfølging av einingane og vere ein ressurs og sparringspartner opp mot dei.

Mål for perioden

Basert på mål i kommuneplanen samt eigne målsettingar har vi sett opp desse måla for planperioden:

- Utarbeide fleire og betre skriftlege rutinar og brukarretteiingar
- Effektivisere og digitalisere arbeidsoppgåver der det er mogleg
- Opparbeide meir kompetanse på fagområda til avdelinga
- God trivsel og nøgde medarbeidarar

Planområdet sine oppgaver 2022–2025

Tiltak 2022–2025	Omtale	Punkt i kommuneplanen	Kostnad og finansiering
Skriftlege rutinar og brukarrettleiingar	Det er viktig at vi har gode rutinar på plass, og at vi er mindre sårbare ved langtidsfråvær.		Innanfor eiga ramme
Effektivisere og digitalisere	Vi ønsker å kunne utnytte økonomisystemet på ein optimal måte og ønsker å effektivisere og digitalisere arbeidskvardagen.		Innanfor eiga ramme
Kompetansebygging	Økonomikontoret må oppretthalde og utvikle sin kompetanse for å halde seg oppdatert og for å kunne yte gode tenester.		Innanfor eiga ramme
Trivsel	Det er viktig at vi held fram med å jobbe for ein god kultur og har eit godt samspel. Vi må gjere kvarandre gode og utnytte kompetansen i eininga.		Innanfor eiga ramme



2.8.3.5 Service, reiseliv og kultur – planområde 150

Justering av driftsramme

Service, reiseliv og kultur (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		13 259		12 247		12 247		11 917
Kompensasjon lønsauke 2021		123						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		61						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-186						
Kompensasjon prisvekst								
Endringar i driftsramme:								
Årleg tilskot til Vest-Agder Museet		20						
Årleg lisens, lokalbasert varsling		30						
Eigenandel ved ekstern finan- siering, prosjekt i kulturminne- planen		100						
Reduksjon i løn og sosiale utgifter		-110				-330		
Reduserte kostnader DDV		-1 000						
Generell reduksjon driftsramme		-50						
Korrigert brutto	0	12 247	0	12 247	0	11 917	0	11 917
Netto ramme drift		12 247		12 247		11 917		11 917

Eininga er tildelt ei driftsramme på kr 12 247 000 for budsjettåret 2022. For 2021 var ramma på kr 13 259 000.

- Kommunen gjekk vinteren 2021 til innkjøp av lokalbasert varslingssystem etter påtrykk frå Statsforvaltaren i samband med tilsyn på beredskapsområdet. Dette er eit system som sender ut varsel til alle mobiltelefonar som er eller kjem inn i eit definert geografisk område i eit bestemt tidsrom. Auka årleg lisenskostnad er kr 30 000.
- Kulturminneteamet har behov for kapital for å kunne dekke eigenandel i samband med søknadar om finansiering til eksterne for å kunne følge opp kulturminneplanen. Årleg kostnad kr 100 000.
- I samband med samanslåing til eitt fylke kjem det ein årleg kostnad på kr 20 000 som tilskot til Vest-Agder Museet.
- Etter endringar i fordelingsnøkkelen til DDV vil den årlege kostnaden bli redusert med 1 mill. frå 2022.
- Det blir redusert 0,2 årsverk ved eininga frå 2022 (kr 110 000). Dette som følge av gevinstrealisering i samband med digitalisering av tenester. Frå 2024 ser ein føre seg å redusere med ytterlegare 60 %.

Utfordringar for planområdet

I samband med etablering av lokal kulturskule er det vanskeleg å sette ein kostnad på dette. Dette er avhengig av kor mange elevar som deltek og kva som må leigast inn av lokale lærarar. Budsjettet for 2021 var på kr 300 000, og dette bør som eit minimum oppretthaldast framover. Etter eit driftsår (2022) vil ein lettare sjå kva ein kan rekne for framtida.

Mål for perioden

Basert på mål i kommuneplanen samt eigne målsettingar har vi sett opp desse måla for planperioden:

- Utnytte dei tilgjengelege arbeidsressursane på ein optimal måte for å kunne få eit best mogleg tenestetilbod og produksjon innan alle fagområde samt skape god trivsel og godt arbeidsmiljø hjå dei tilsette
- Halde sjukefråværet så lågt som mogleg
- For å effektivisere det daglege arbeidet, vil vi halde fram med å digitalisere fleire tenester

KOSTRA-tal

Nøkkeltal 2020	Åseral	KOSTRA-gruppe 15	Landet utan Oslo
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	6,6 %	3,5 %	4 %
Netto driftsutgifter til idrett i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	2 %	1 %	1,4 %
Netto driftsutgifter til barn og unge i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	0,5 %	0,8 %	0,8 %
Netto driftsutgifter til kultursektoren i kroner per innbyggjar	7 613	3 494	2 529
Netto driftsutgifter til allmenn kultur i kroner per innbyggjar	4 780	1 682	1 174
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren i kr per innbyggjar	294	1824	1 350
Netto driftsutgifter til folkebibliotek i kroner per innbyggjar	717	517	295
Besøk i folkebibliotek per innbyggjar (antal)	18,9	1,9	2,7
Utlån per innbyggjar (antal)	5,7	2	2,1
Besøk per kinoførestilling (antal) *	24,5	19,5	15,8

* Fra 2008 er besøkstal og tal for førestillingar for Bygdekinoen AS teke med i talgrunnlaget. Besøkstal og antal førestillingar er lagt til visningskommune. I desse kommunane er visningsstad sett lik ein kinosal

Planområdet sine oppgåver 2022–2025

Tiltak 2022–2025	Omtale	Punkt i kommuneplanen	Kostnad og finansiering
Effektivisere og digitalisere	Vi ønsker å kunne utnytte dei ulike fagsystema på ein optimal måte. Vi ønsker samstundes å ta i bruk dei verktøya som er tilgjengelege for å effektivisere og digitalisere arbeidskvardagen.		Innanfor eiga ramme
Trivsel og godt arbeidsmiljø	For å oppretthalde trivsel og arbeidslyst på eininga, er det viktig at vi held fram med å jobbe for ein god kultur og har eit godt samspel. Vi må gjere kvarandre gode og utnytte kompetansen i eininga.		Innanfor eiga ramme
Kompetansebygging	Det er viktig at eininga til ei kvar tid har tilstrekkeleg kompetanse for å gjere oppgåvene sine og for å kunne yte den beste tenesta til innbyggjarane og dei andre einingane.		Innanfor eiga ramme
Skriftlege rutinar og brukarrettleiingar	Det er viktig at vi har gode rutinar på plass, og at vi er mindre sårbare ved langtidsfråvær. Difor ønsker vi å få dette inn i Compilo.		Innanfor eiga ramme

2.8.4 OPPVEKST OG LEVEKÅR

Rammeområdet *Oppvekst og levekår* består av einingane *Barnehage, Skule, Helse og velferd* og *Pleie, rehabilitering og omsorg*.

Justering av driftsramme

Oppvekst og levekår (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år:		66 440		67 983		67 745		67 225
Kompensasjon lønsauke 2021		950						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		473						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-1 784						
Endringar i driftsramme:								
Reduksjon i løn og sosiale utgifter		-876		-591		-245		
Generell reduksjon driftsramme				-577		-85		
Ekstra forsikring		20						
Digitalisering i skulen		120				-120		
Lærarspesialistordninga		120				-120		
Etter- og vidareutdanning, kommunen sin andel		150		-150				
Særskilt norskopplæring		170				-170		
Lønsutgifter spesialundervisning		660		580		-280		-280
Digitalisering helse		20		-20				
Kompetanseheving helsesjukepleiar		30		-30				
Auka utgift barnevern		100						
Auka utgift habilitering		150		200		500		
Auka utgift rus		150						
Auka utgift psykolog/ ergoterapeut		150						
Lokal Medisinske Tjenester (LMT) — nytt samarbeid		640						
Reduksjon vaksenopplæring		-100						
Reduksjon i utgifter til NAV Midt-Agder		-300						
Førebygging — tidleg innsats				350				
Straum/renovasjon/forsikring/ serviceavtale		90						
Vaskeritjenester		310						
Redusert husleigeinntekt	300							
Korrigert brutto	300	67 683	-	67 745	-	67 225	-	66 945
Netto ramme drift		67 983		67 745		67 225		66 945

Rammeområdet Oppvekst og levekår er samla tildelt ei ramme på kr 67 983 000 for 2022. Investerings tiltak kjem i tillegg. Total kostnadsramme for investeringar er kr 694 000.

Oppvekst og levekår har totalt sett redusert ramma då det har vore gjennomført reduksjonar i drifta. Drifta har over fleire år blitt redusert, men vi må likevel arbeide vidare med det dei neste åra. Skal vi klare å halde ei god utvikling, må det omstillingar til. Det er ikkje kommunen åleine som kan løyse utfordringane. Det må gjerast saman med andre aktørar som frivillige, pårørande og andre. Dette krev samarbeid. Førebygging og helsefremming er viktig og skal vere ei grunnleggande haldning i fagmiljøa.

Bebuarar, elevar, barnehagebarn osv. må vere i sentrum av alle tenestene. Det skal vere heilskaplege tenester. Dette krev tverrfagleg tilnærming. Eit nytt samarbeid frå 2022 er deltaking i *Lokalmedisinske tenester Setesdal* (LMT Setesdal).

Tidleg innsats og god kvalitet er viktige satsingsområde for skule og barnehage. Frå 01.01.2022 vert det endringar i barnevernlova, også kalla oppvekstreforma. Ein konsekvens av dette er at kommunane får overført ansvar frå staten, og det tverrfaglege og førebuande arbeidet må styrkast. Omstillingsarbeidet på skulen har nå også innlemma barnehagen. Tidleg innsats, med kapasitetsbygging (kompetanseheving) og haldningsskapande arbeid, er satsingsområde. Implementering av dette må prioriterast.

Nytt omsorgsbygg, Åseralsheimen, har nå vore i bruk i over eit år. Ei omstilling og tilpassing av drifta er eit viktig arbeid nå.

Ambulansen leiger delar av helsehuset til ambulansebil og personell. Desse lokala stettar ikkje deira behov då dei ikkje tilfredstiller forskrifta. Det bør gjennomførast ei utgreiing og lagast skisser med forslag til løysing som er i tråd med forskrifter og krav.

Investeringstiltak 2022–2025

Tiltak	Omtale	Punkt i kommunepan	Kostnad og finansiering
Oppgradering internett	Nye aksesspunkt	4.2	214' – investeringsfond
Utstyr, digitalisering	Digitalisering skuleklassar	4.2	180' – investeringsfond
2 bilar	Heimetenesta	4.2	300' – investeringsfond 300' – drifts- og investeringsfond

Handlingsprogram investeringstiltak 2022–2025

(Alle beløp i kr 1 000 og netto utgift per år)	2022	2023	2024	2025
Oppgradering internett	214			
Utstyr, digitalisering	180			
Bil	300	300		

2.8.4.1 Barnehage – planområde 210

Justering av driftsramme

Barnehage (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		7 876		7 666		7 366		7 166
Kompensasjon lønsauke 2021		145						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		72						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-277						
Kompensasjon prisvekst								
Endringer i driftsramme:								
Reduksjon i løn og sosiale utgifter		-150		-300		-200		
Korrigert brutto	0	7 666	0	7 366	0	7 166	0	7 166
Netto ramme drift		7 666		7 366		7 166		7 166

For 2022 er planområde 210 tildelt netto driftsramme på kr 7 666 000. Det tilsvarer ramme for 2021 med kompensasjon for lønsauke. Samstundes er det lagt inn ein reduksjon på kr 427 000. Denne reduksjonen omhandlar redusert arbeidsgjevaravgift, tilpassing av bemanning til brukargruppa og ein generell reduksjon på ramma. Frå hausten 2022 er det uvisst kor mange barn som kjem til å søke barnehageplass. Dette er svært avgjerande for inntektene til planområdet. Det vil først vere klart etter hovudopptak og svar på tildelt plass i mars 2022 om det er naudsynt med justering i bemanning frå august 2022. Eventuelle justeringar må vi sjå i samanheng med eventuelle permisjonssøknadar frå tilsette og bemanningsnorm som gjeld både grunnbemanning og pedagogbemanning.

Utfordringar for planområdet

Barnehagen er oppteken av å halde høg kvalitet på tenestetilbodet, samstundes som vi legg vekt på utvikling og forbetring. Det er svært viktig at barnehagen har god pedagogtettleik og god totalbemanning for å gjennomføre satsing på kvalitet, tidleg innsats, kompetanseheving og utvikling i personalgruppa. Frå 01.08.18 vart det innført retningslinjer for pedagognorm og bemanningsnorm. Barnehagelærarane er ei viktig faggruppe i arbeidet med å sjå tidleg kva utfordringar barna kan få vidare i utdanningsløpet og legge til rette for god utvikling og læringsutbytte hjå barna. Det er grunnleggande samanheng mellom tidleg innsats i barnehagen og resultat i skulen. Barnehagen har høg prioritet på tidleg innsats hjå barna som ei viktig førebuing til skulestart.

Barnehagen har over lang tid arbeidd med å bygge opp tilstrekkeleg mengd med barnehagelærarar for å fylle pedagognorma. Vi har retta vår merksemd mot å behalde og skaffe nye barnehagelærarar dei siste åra. Frå hausten 2019 er det første gong på lang tid vi hadde tilstrekkeleg med barnehagelærarar og ingen dispensasjonar. På dette området er det viktig å halde fram arbeidet vi har teke til med. Det blir stilt krav til nok barnehagelærarar for å gjennomføre kommunen si plikt til å innfri rett til barnehageplass, jf. barnehageloven. I tillegg har vi i Åseral òg ei lokal politisk målsetting om at alle som søker barnehageplass ved hovudopptak skal få ein barnehageplass uavhengig av retten etter lova.

Barnehagen har framleis høgt sjukefråvær knytt til barnehagelærarar. Det er difor særskilt viktig at vi har nok barnehagelærarressurs å gå på i grunnbemanninga, slik at vi i fråværsperiodar ikkje er under minimumskrav i pedagognorma.

Mål for perioden

Basert på mål i kommuneplanen samt eigne målsettingar har vi sett opp desse måla for planperioden:

- Tenestene innanfor barnehageeininga har høg kvalitet og foreldre og barn opplever eit godt tenestetilbod
- Å gjennomføre brukarundersøking kvar haust
- Tilsette er opptekne av kvalitet og kompetanseheving, deltek i Nettverk Setesdal Oppvekst innan kompetanseheving for barnehageområdet samt oppfølgingsordninga saman med skulen i eigen kommune
- Tidleg innsats i barnehagen gjennom bruk av tverrfagleg observasjon

- Evaluere oppvekstplanen og knyte han saman med verksemdsplan og årsplan
- Å ha god trivsel og godt arbeidsmiljø hjå dei tilsette
- Å redusere sjukefråvær hjå dei tilsette

KOSTRA-tal

Netto driftsutgifter per innbyggjar 1–5 år, barnehagar	2020*	2019	2018	2017
Åseral kommune	201 619	178 617	161 588	142 111
Bykle kommune	315 308	280 000	276 159	282 166
Valle kommune	200 551	202 798	214 692	184 287
Bygland kommune	190 396	206 000	191 125	182 176
Evje og Hornnes	150 560	123 459	112 751	110 282
Kommunegruppe 6		192 251	178 717	171 410
Kommunegruppe 15	193 989			
Agder	167 760	159 573	148 954	138 141

* Frå 2020 er Åseral flytt til komunegruppe 15

Som tabellen syner ligg Åseral noko høgare enn kommunegruppe 15 og Agder når det gjeld netto driftsutgifter i barnehagar for 2020. Det vil framleis vere periodar vi ikkje klarar å nytte ressursane fullt ut etter norm for pedagogtettleik grunna svingingar i barnegruppene. Vedtektene i Åseral barnehage tillèt at foreldra kan endre barnehageplassen med ein månads varsel. Det betyr at vi ikkje alltid kan erstatte barn som sluttar eller endrar plassen i barnehagen på kort varsel. Ser ein på fleire av tala til SSB viser dei at det vert nytta 7,9 prosent av kommunen sine totale netto driftsutgifter til barnehage, til samanlikning vert det nytta 14,4 prosent i Agder. For Åseral er dette ein liten auke frå 2019. Då vart det nytta 7,4 prosent av kommune sine totale driftsutgifter til barnehage. Ein må også merke seg at 2020 var eit spesielt år å drifte barnehage. For Åseral har dette ført til svært høge utgifter knytt til drift for å overhalde smitteverntiltak.

Kommunen har sikra at grunnbemanning med pedagogar og fagarbeidarar følger tilrådd norm med 1 vaksen per 3 barn 0–3 år og 1 vaksen per 6 barn 3–5 år slik Stortinget har vedteke skal gjelde frå august 2018. Samstundes har vi i 2020 hatt svært kostbare løysingar for å halde kohortdrift som vart pålagd sentralt ut frå smitteverntiltak.

Planområdet sine oppgåver 2022–2025

Tiltak 2022–2025	Omtale	Punkt i kommunepleanen	Kostnad og finansiering
Oppvekstplan og verksemdsplan	Oppvekstplanen er implementert i eininga og skal reviderast våren 2022. Verksemdsplanen skal evaluerast og reviderast våren 2022.	4.4	Innanfor eiga ramme
Tidleg innsats	Som del av barnevernsreforma (oppvekstreform) skal barnehagen saman med barnevern og skule arbeide endå meir målretta med tidleg innsats		Innanfor eiga ramme
Rekruttering og etterutdanning	Rekruttere og behalde pedagogar er viktig for ein høg kvalitet på tilbodet. Like viktig som rekruttering er det å etterutdanne pedagogar i eininga.	5.1	Innanfor eiga ramme i kombinasjon med tilskot frå Udir
Godt arbeidsmiljø	Dei tilsette opplever å ha eit godt arbeidsmiljø og at dei har fagleg utfordrande arbeidsoppgåver	5.1	Innanfor eiga ramme
Kapasitetsbygging	Barnehagen deltek saman med skulen og PPT i kapasitetsbygging (kompetanseheving) – opplæring som del av oppfølgingsordninga (2021–2023)		Finansiert gjennom tilskot frå Statsforvaltaren

2.8.4.2 Skule – planområde 220

Justering av driftsramme

Skule (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		21 486		22 233		22 350		21 612
Kompensasjon lønsauke 2021		371						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		185						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-674						
Kompensasjon prisvekst								
Endringar i driftsramme:								
Ekstra forsikring		20						
Digitalisering i skulen		120				-120		
Lærarspesialistordninga		120				-120		
Etter- og vidareutdanning, kommunen sin andel		150		-150				
Særskilt norskopplæring		170				-170		
Lønsutgifter spesialundervisning		660		580		-280		-280
Reduksjon i løn og sosiale utgifter		-375						
Generell reduksjon driftsramme				-313		-48		
Korrigert brutto	0	22 233	0	22 350	0	21 612	0	21 332
Netto ramme drift		22 233		22 350		21 612		21 332

For 2022 er planområde 220 tildelt netto driftsramme på kr 22 233 000. Dette svarer til ramma for 2021 med kompensasjon for lønsauke, kjøp av private tenester, høgare forsikring, trivselprogram og auka behov for særskilt norskopplæring. I tillegg kjem driftstiltak på digitalisering, etter- og vidareutdanning og lærarspesialistordninga. Samtidig er det lagt inn reduksjon i løn og sosiale utgifter med kr 375 000.

Utfordringar for planområdet

Åseral barne- og ungdomsskule er i ein omstillingsprosess som blei starta i 2017. Denne prosessen vil vi halde fram med i delar av denne perioden.

Eininga skal redusere lønskostnadane og tilpasse drifta til endringar av elevtal. Det som er utfordrande med dette er å behalde kvalifisert personale i samband med kompetansekrava som kjem i 2025. Skulen må halde fram arbeidet med å styrke den formelle kompetansen i spesielt norsk, engelsk og matematikk blant dei tilsette.

Skulen er i ein digitaliseringsprosess som gjeld både for elevar og tilsette. Dette vil krevje ny kunnskap og opplæring av både tilsette og elevar.

Det er mange prosessar som skal gjennomførast i skulen samtidig. Dersom slike prosessar skal gjennomførast, er det viktig med kompetanse og tid til å gjennomføre og implementere desse. Lærarar som er spesielt motiverte og har lyst til å drive skuleutvikling kan søke om å bli lærarspesialist på einskilde fag eller område. Det er eit krav om fagkompetanse og arbeidserfaring for å kunne bli med i ordninga. For ein liten skule som Åseral barne- og ungdomsskule er det viktig at dei tilsette er med på å drive skuleutvikling. Lærarspesialistar får ekstra lærarspesialisttillegg og tid til å gjennomføre dette arbeidet. Det fine med å bruke denne ordninga er at Utdanningsdirektoratet tek 2/3 av kostnadane. Ordninga gjeld berre for eit år av gongen, og ein må søke kvart år dersom ein vil vere med vidare i ordninga. Denne ordninga skal også vere med på å rekruttere og behalde tilsette i kommunen.

Mål for perioden

Basert på mål i kommuneplanen samt eigne målsettingar har vi sett opp desse måla for planperioden:

- Kvalitet og kompetanseheving (etterutdanning og lærarspesialistordninga)
- Halde fram med omstillingsarbeidet
- Ha god trivsel og godt arbeidsmiljø
- Halde sjukefråværet nede
- Tidleg innsats spesielt på 1. til 4. trinn (lærarspesialistordninga)
- Behalde og rekruttere tilsette (lærarspesialistordninga)

Skulen sitt overordna satsingsområde er ein elevorientert skule der vi vektlegg trivsel, motivasjon og skule–heim-samarbeid:

- Ta elevane på alvor slik at elevane føler seg sett, høyrte og respektert av vaksne og medelevar
- Observere endringar i elevane si åtferd eller endringar i klasse- og skulemiljø
- Sikre elevmedverknad ved skulens innhald og miljø
- Tilpassa opplæring, der vi vektlegg meistringsevne og læringsstrategiar
- Hjelpe elevane til forståing av kvar elevane står i ulike fag og korleis elevane kan kome seg vidare i dei ulike faga

KOSTRA-tal

Netto driftsutgifter til grunnskulesektor, kr/innbyggjar 6–15 år	2020*	2019	2018	2017
Åseral	221 272	244 526	218 905	206 333
Bykle	311 000	280 000	276 159	282 166
Valle	193 803	202 798	214 692	184 287
Bygland	215 000	206 000	191 125	182 176
Evje og Hornnes	125 000	123 459	112 751	110 282
Kommunegruppe 6		192 251	178 717	171 410
Kommunegruppe 15	194 000			
Agder	115 626	115 667	110 778	105 990

* Frå 2020 er Åseral flytt til kommunegruppe 15

Planområdet sine oppgåver 2022–2025

Tiltak 2022–2025	Omtale	Punkt i kommuneplanen	Kostnad og finansiering
Kompetanseutvikling lærarar innan digitalisering, norsk, engelsk og matematikk	Etter-/vidareutdanning i samarbeid med Udir. Utgifter knytt til reise, vikar, skulemateriell, kost og losji, jf. kompetansebehov for skulen	4.2	Innafor eiga ramme
Kompetanseheving einingsleiar	Rektorskulen	4.2	Innanfor eiga ramme
Digitalisering	Kurs og lisensar	4.2	Lagt til eiga ramme
Kompetanseheving lærarar innan trygt og godt skulemiljø	Oppfølgingsordninga saman med Statsforvalteren og Pål Roland frå Læringsmiljøsentret	4.2	Lagt til eiga ramme og tilskot i samband med ordninga
Systemarbeid – lærarspesialistordninga	Eininga vektlegg gode system for arbeidet som vert utført. Dette skal gjere eininga mindre sårbar.	4.2	Lagt til eiga ramme

2.8.4.3 Helse og velferd – planområde 310

Justering av driftsramme

Helse og velferd (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		17 108		17 897		18 133		18 596
Kompensasjon lønsauke 2021		147						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		72						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-270						
Kompensasjon prisvekst								
Endringer i driftsramme:								
Digitalisering helse		20		-20				
Kompetanseheving helsesjukepleiar		30		-30				
Auka utgift barnevern		100						
Auka utgift habilitering		150		200		500		
Auka utgift rus		150						
Auka utgift psykolog/ ergoterapeut		150						
Lokalmedisinske tenester (LMT) — nytt samarbeid		640						
Reduksjon vaksenopplæring		-100						
Reduksjon i utgifter til NAV Midt-Agder		-300						
Førebygging — tidleg innsats				350				
Generell reduksjon driftsramme				-264		-37		
Korrigert brutto	0	17 897	0	18 133	0	18 596	0	18 596
Netto ramme drift		17 897		18 133		18 596		18 596

For 2022 er helse og velferd, planområde 310, tildelt ei driftsramme på kr 17 897 000. I dette er det teke høgde for auke i oppgåver og utgifter til habilitering, men redusert ut frå tidlegare økonomiplan. Det er lagt inn ekstra kostnad på utgifter til psykolog då vi ser at denne kompetansen er vanskeleg å få tak i. Utgifter til NAV Midt-Agder blir redusert ut frå mindreforbruk i rekneskapen for 2021. Midt-Agder barnevern får auke i budsjett for 2022 då dei får auka ansvar etter ny barnevernreform/-lov. I samband med dette blir det òg lagt inn ekstra på «Tidleg innsats» for barn og familiar frå 2023.

Utfordringar for planområdet

Tenestetilbodet til barn og unge står sentralt i arbeidet for å nå kommuneplanen si overordna målsetting om at «Alle i Åseral skal oppleve god livskvalitet og vere godt rusta til å møte framtida». Ny oppvekst- og barnevernsreform set dette på agendaen og blir følgt opp med ny barnevernlov.

Behov og forventningar når det gjeld førebygging og oppfølging av barn og unge med særlege helsemessige og sosiale utfordringar og deira familiar er aukande. Tenestene i kommunen får større ansvar i dette arbeidet, og vi er inne i ein samhandlingsreform retta mot barn og familiar. Samarbeid om tidleg innsats på tvers av tenester i barnehage, skule, PPT, helse og NAV blir viktig.

Grupper for foreldrerettleiing (COS-kurs) er i gang og vil ha oppstart to gonger i året. Helsestasjon for ungdom held fram. I tillegg til dette vil vi starte opp ressursteam for kartlegging av tidleg innsats for å sette i gang tiltak så tidleg som mogleg for å endre uheldig utvikling. Leiarane i oppvekst og levekår samarbeider om totaltilbodet for barn og unge.

Når kommunen får stadig større ansvar for helsetenester gjennom ulike reformar og endra oppgåvefordeling mellom spesialisthelseteneste og kommunehelseteneste, må vi ha sterk prioritering på kompetanseheving lokalt for å styrke tilbodet til brukarane. Interkommunalt samarbeid er viktig for å lukkast med dette arbeidet, og Lokalmedisinske tenester i Setesdal (LMT) er eitt av tiltaka. Det må arbeidast inn gode relasjonar i nettverkssamarbeidet i Setesdals-regionen for å synleggjere felles utfordringar og auke kompetansen.

Rekruttering av personale til spesialiserte stillingar er utfordrande. Per i dag er vi ganske godt dekkja, men med naturleg avgang kan det bli krevjande framover for til dømes jordmor og lege. Psykolog er ennå vanskeleg å få inn på den kommunale marknaden.

Ressurskrevjande brukarar kan skape ekstra utfordringar på ein liten stad, og tiltaka kan bli kostbare.

Legevaktsamarbeidet vårt med Hægebostad og Lyngdal (område Audnedal) er sårbart, men fungerer svært bra og er eit godt tilbod til innbyggjarane. Samarbeidet er knytt opp mot legevaktsentralen i Kristiansand.

Mål for perioden

Basert på mål i kommuneplanen samt eigne målsettingar har vi sett opp desse måla for planperioden:

- Tidleg innsats med kartlegging og tverrfaglege tiltak retta mot barn, unge og familiar
- God kvalitet på tenester og medverknad frå brukarar og tilsette
- Utvide behandlingstilbod ved å ta i bruk teknologi
- Samarbeid med frivillige, spesielt retta mot aktivitetar til barn og unge med tanke på inkludering
- Rekruttere og behalde god kompetanse
- Tilsette skal oppleve trivsel og godt arbeidsmiljø, samt fagleg utfordrande arbeidsoppgåver

KOSTRA-tal

Netto driftsutgifter til kommunehelsetenesta i prosent av kommunens samla driftsutgifter	2020	2019	2018	2017
Åseral kommune	6,2	5,8	7,3	7,2
Bykle	6,3	9,7		
Valle	11,6	10,9		
Bygland	14,9	6,4		
Evje og Hornnes	6,6	7,2		
Kommunegruppe 15	7,2			
Agder	5,3			

Indikatoren rapporterer på prioritering av kommunens frie midlar til kommunehelsetenesta. Dette gjeld tenestene helsestasjon og skulehelseteneste, jordmorteneste, anna førebyggjande helsearbeid, legetenester og fysioterapi.

Netto driftsutgifter per innbygger 0–17 år (2017–2018), per innbygger 0–22 år fra 2019, i kroner, barnevernstenesta	2020	2019	2018	2017
Åseral	9 236	7 675	6 497	12 898
Bykle	9 926	11 295		
Valle	5 025	6 750		
Bygland	18 335	16 240		
Evje og Hornnes	11 066	9 635		
Kommunegruppe 15	10 225			
Agder	7 830			

Åseral skifta samarbeid om barnevern frå Barnevern Sør til Midt-Agder barnevern frå 1.1.2020.

Planområdet sine oppgåver 2022–2025

Tiltak 2022-2025	Omtale	Punkt i kom- muneplanen	Kostnad og finansiering
Utdanning helsesjukepleiar	Nytilsett med krav til kompetanseheving	4.4.3	Ekstern finansiering
Brukarvenlege tenester	Digital kommunikasjon for brukarane	5.1	Innanfor eiga ramme
Rekruttere kompetanse	Personar som nærmar seg pensjonsalder, som det er viktig å erstatte. I tillegg kjem det krav om nye typar kompetanse som kommunen må ha.	4.4.3	Innanfor eiga ramme
Lokalmedisinske tenester Setesdal (LMT)	Utvikling av tenester i samarbeid med Lokal- medisinske tenester Setesdal (LMT)		640 000 på drifts- ramme frå 2022
Ressursteam	Tidleg innsats for barn, unge og familiar i form av tiltak for førebygging		350 000 på drifts- ramme frå 2023



2.8.4.4 Pleie, rehabilitering og omsorg – planområde 340

Justering av driftsramme

Pleie, rehabilitering og omsorg (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		19 970		20 187		19 896		19 851
Kompensasjon lønsauke 2021		287						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		144						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-563						
Kompensasjon prisvekst		0						
Endringer i driftsramme:								
Straum/renovasjon/forsikring/ serviceavtale		90						
Vaskeritenester		310						
Redusert husleigeinntekt	300							
Reduksjon løn og sosiale utgifter		-351		-291		-45		
Korrigert brutto	300	19 887	0	19 896	0	19 851	0	19 851
Netto ramme drift		20 187		19 896		19 851		19 851

For 2022 er planområde 340 tildelt ei netto driftsramme på kr 20 187 000. I dette er det teke høgde for auka utgifter som følge av nytt omsorgsbygg. Det er òg lagt inn reduksjon i forventa inntekter.

Utfordringar for planområdet

Dei demografiske framskrivingane for Åseral kommune viser at tal på eldre over 70 år er på eit lågt nivå nå, men vil auke i åra framover. Det kan difor vere ei utfordring å ha fullt belegg på omsorgsbustadane dei første åra.

Den nye Åseralsheimen treng å få på plass ei tilpassa organisering, både av leiinga, støttefunksjonar og andre tilsette med klar ansvars- og oppgåvefordeling. Det må i tillegg utarbeidast ein bemannings- og turnusplan som er tilpassa dei nye arbeidshøva. Når desse tinga er på plass, vil det ligge til rette for å kunne arbeide vidare med fag- og kvalitetsutvikling så ein kan levere gode og framtidsretta tenester både på institusjon og for heimebuande.

Mål for perioden

Basert på mål i kommuneplanen samt eigne målsettingar har vi sett opp desse måla for planperioden:


- Ha eit godt arbeidsmiljø
- Tilpasse drifta til nytt omsorgsbygg
- Tilpassa bemanningsplan og opprette gode system for arbeidstidsplanlegging
- Levere tenester av høg kvalitet
- Brukarundersøking og brukarmedverknad
- System for internundervisning med særleg vekt på ernæringsarbeid og fallførebygging
- Implementere reformen *Leve heile livet*

KOSTRA-tal

Netto driftsutgifter til omsorgstenester i prosent av kommunens samla driftsutgifter	2020	2019	2018	2017
Åseral	24,9	24,8	28,6	26,5
Bykle	30,3	21,9		
Valle	32,9	33,4		
Bygland	36,0	34,4		
Evje og Hornnes	30,2	30,5		
Kommunegruppe 15	35,8	36,7	36,1	34,7
Agder	30,5	-	-	-

Planområdet sine oppgaver 2022–2025

Tiltak 2022-2025	Omtale	Punkt i kommuneplanen	Kostnad og finansiering
Arbeidsmiljøprosjekt	Arbeide målretta med å skape eit godt arbeidsmiljø	4.2	200' i tilskot frå KLP (planområde 120)
Nytt turnusprogram	Innføring av dette blei utsett i 2021, difor kjem truleg implementering og opplæring i 2022	4.3	Innanfor eiga ramme
Kompetanseheving	Utdanning leiing	4.2	30' innanfor eiga ramme



2.8.5 DRIFT OG UTVIKLING

Rammeområdet *Drift og utvikling* består av einingane *Utvikling* og *Drift og vedlikehald*.

Justering av driftsramme

Drift og utvikling (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		13 711		15 544		14 149		12 917
Kompensasjon lønsauke 2021		303						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		152						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-518						
Kompensasjon prisvekst								
Endringar i driftsramme:								
Auka løn og sosiale utgifter		675						
Reduksjon løn og sosiale utgifter		-790		-330		-330		
Generell reduksjon driftsramme		-143		-181		-29		
Kjøp av varer og tenester		588		-273				
Kartlegging GIS		165		-15		50		-200
Reduserte gebyr oppmåling pga. sjølvkost	250							
Auka inntekt oppmåling	-250							
Auka inntekt byggesak	-165							
Auke i driftskostnader		235		-55				-50
Auke i driftskostnader VA		860		-300				
Endring VA-inntekter	471		-841		-923		-1 022	
HMS-tiltak				100				
Vakt utanom ordinær arbeidstid				500				
Korrigert brutto	306	15 238	-841	14 990	-923	13 840	-1 022	12 667
Netto ramme drift		15 544		14 149		12 917		11 645

Rammeområdet *Drift og utvikling* er tildelt ei driftsramme på kr 15 544 000. Det er ein auke på kr 1 833 000. I tillegg kjem drifts-tiltak på kr 3 385 000. Driftstiltaka blir nærare omtalt på einingane der dei høyrer heime.

Slik den økonomiske stoda er for kommunen nå må det framleis prioriterast hardt. Mellom anna fører det til at tiltak som burde vore gjort må utsettast.

Ut frå hovudplanen for vatn og avløp er det mange tiltak som står framfor oss i perioden 2018–2028. Nokre av desse er utført. Sjølv om det er tiltak som er både påkravd og fornuftige, har vi ikkje funne rom for å prioritere så mange som vi skulle ønske.

Om ikkje alt for mange år må kapasiteten på inntaksleidningen frå Kvitevatn i Bortelid aukast. Det vil òg sikre leveringskapasiteten. Kostnaden med dette er førebels usikker. Det er òg vanskeleg å seie om dette må gjerast i slutten av denne økonomiplanperioden eller om det kjem noko seinare. Mykje avheng av utbyggingstakta i Bortelid.

I Berge-området held kommunen på med ei områderegulering. Ved ei utbygging må det vurderast om og kva kommunen eventuelt skal bidra med når det gjeld utbygging av vatn og avløp (VA) til Berge. Også her er det vanskeleg å seie noko om tidsperspektivet då det er utbyggjarar/grunneigarar som styrer det. Uansett må det gjerast grundige vurderingar om korleis det skal organiserast og ikkje minst finansierast. Framover skal kommunen i stor grad vere ein tilretteleggar, og det betyr ikkje nødvendigvis at kommunen skal koste t.d. VA-tiltak åleine. Kommunen har ei forventning om at utbyggjar(ar) bidreg til felles infrastruktur.

Utviding av høgdebasseng i Eikerapen og i Bjønneholå (Ljosland) ligg framføre oss om ikkje alt for mange år. I tillegg til leveringskapasitet til abonnentane, er det ein viktig faktor å ha tilstrekkeleg brannvatn. Utbyggingstakta for dei områda som soknar til desse høgdebassenga vil i stor grad vere styrande for når dei må på plass.

For dei kommunale vegane som allereie har asfaltdekke, er det år om anna trong for reasfaltering. Vi har lagt inn reasfaltering fleire stader i denne økonomiplanperioden. Det er uheldig viss vi slepp standarden på vegen for langt ned då det vil føre til ekstra kostnadar å få standarden tilbake til rett nivå.

Vi har årleg ekstern kontroll av våre bruer. Kvart femte år er det hovudkontroll. Dette er ein naudsynt kontroll for å halde oppsyn med tilstanden på bruene våre. Her har vi eit etterslep på utbetringstiltak som skulle vore gjort. Vi har prioritert dei bruene som får merknadar som gjeld t.d. bereevne.

Investeringstiltak 2022–2025

Utviding av kapasiteten på høgdebassenget i Bortelid er nært føreståande. Kommunen må syte for å ha god kvalitet på vatnet som blir levert til abonnentane samstundes som det må vere tilstrekkeleg mengd vatn tilgjengeleg. Ikkje minst gjeld det brannvatn. I fleire år har vi fått alarm på vasskapasiteten i høgsesongen. Vi ser det ikkje som forsvarleg å utsette dette tiltaket lenger.

Vidare må vi òg førebu oss på å auke kapasiteten inn til vassbehandlingsanlegget i Bortelid med ny inntaksleidning og større kapasitet på overføringsleidningen.

I kommuneplanen har vi mellom anna eit punkt der det står at alle offentlege vegar i kommunen skal ha asfaltdekke innan 2024. Vi har éin kommunal veg utan asfalt. Det er vegen til Stinemyr. Tanken er å få dette på plass med det tidsaspektet som ligg i kommuneplanen.

På reinseanlegget i Bortelid nærmar det seg tid for å sjå på ny oppgradering. Kapasiteten vart utvida i 2015/2016, men både byggeaktiviteten og utviklinga gjer at vi må vere budd på ytterlegare utviding. Vi har lagt opp til at vi i 2023 vil gjennomføre ei utgreiing for å få klarlagt det eksakte behovet.

Eit SD-anlegg er eit anlegg for sentral driftsovervaking. Her gjeld det oppgradering av programvare for overvakingssystem for vatn og avløp (VA) samt ny server.

Bilane våre må fornyast med jamne mellomrom. Det er viktig at det kjem inn i handlings- og økonomiplanen. Bilen som vart bytta ut i 2020 var 20 år gammal. Vi kan vel knappast rekne med at alle bilane har så lang levetid. Vi har heller ikkje tilsette som utfører reparasjonar på eigne bilar lenger.

Tiltak	Omtale	Punkt i kom- muneplanen	Kostnad og finansiering
Høgdebasseng Bortelid	Utviding av kapasitet		4 000' – investeringsfond
Bil	Fornyning av bil		375' – investeringsfond
Lager 4/63	Ny port og tilrettelegging for Sivilforsvaret		250' – investeringsfond
Veg Stinemyr	Crusher, stabilisering/rehabilitering av veg samt asfaltering		1 000' – drifts- og investeringsfond
Bortelid RA	Utgreiing om reinseanlegg i Bortelid		1 000' – drifts- og investeringsfond

Handlingsprogram investeringstiltak 2022–2025

(Alle beløp i kr 1 000 og netto utgift per år)	2022	2023	2024	2025
Høgdebasseng Bortelid	4 000			
Bil	375			
Lager 4/63	250			
Veg Stinemyr		1 000		
Bortelid RA		1 000		



2.8.5.1 Utvikling – planområde 510

Justering av driftsramme

Utvikling (Alle beløp i kr 1000)	2022		2023		2024		2025	
	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift	Inntekt	Utgift
Driftsramme vedteke KOS føregående år		7 105		7 431		7 305		7 338
Kompensasjon lønsauke 2021		127						
Kompensasjon lønsauke – overheng 2022		64						
Redusert sats arbeidsgjevaravgift		-220						
Kompensasjon prisvekst								
Endringar i driftsramme:								
Kartlegging GIS		165		-15		50		-200
Reduserte gebyr oppmåling pga. sjølvkost	250							
Auka inntekt oppmåling	-250							
Auka inntekt byggesak	-165							
Auka løn og sosiale utgifter		405						
Generell reduksjon driftsramme		-50		-111		-17		
Korrigert brutto	-165	7 596	0	7 305	0	7 338	0	7 138
Netto ramme drift		7 431		7 305		7 338		7 138

Oppdatering av kart og andre prosjekt innan geodata har tidlegare vore teke inn som driftstiltak. Dette er nå lagt inn som ein del av driftsramma.

I ramma er det lagt inn ei 50 %-stilling. Det gjeld ein tilsett som har hatt sitt arbeid på ei anna avdeling i ein avgrensa periode. Vedkomande er nå tilbake på eining for Utvikling.

Sjølvkost

Sjølvkostprinsippet: "Inntekter frå gebyret for ei teneste eller eit produkt skal ikkje overstige kostnadane ved å produsere tenesta eller produktet." Kommunen kan velje å legge opp til at gebyrinntektene på sjølvkostområda skal dekke sjølvkost eller om kommunen vil subsidiere delar av tenestene.

Sjølvkostområda for Utvikling er byggesak, oppmåling og reguleringsplan. Oppmåling har i nokre år gått med overskot, og det har bygd seg opp eit sjølvkostfond. Gebyra for oppmåling blir sett ned med 30 % for å ta inn litt av sjølvkostfondet som har bygd seg opp.

Byggesak nærmar seg sjølvkost, og vi vil fortsette å arbeide for å nå sjølvkost for fagområdet. Difor vert gebyra på byggesak auka meir enn prisvekst.

Mål og utfordringar for planområdet

Kommuneplanens samfunnsdel vil vere avgjerande for kva eininga og kommunen skal arbeide mot framover og kva utfordringar vi står ovanfor. Framdriftsplanen legg opp til vedtak i kommunestyret i juni 2022. 2022 vert eit år der vi må legge planar for kva og korleis vi skal utvikle Åseral i åra framover.

Ei av dei største oppgåvene for eininga neste år og 2023 er å rullere kommuneplanens arealdel. Arbeidet skal starte opp etter at samfunnsdelen er vedteken.

Det kjem fleire oppgåver og krav til fagområda på eininga innan klima og berekraft. Dette vil påverke korleis vi gjer oppgåver innan plan, næring, landbruk, byggesak, vatn/avløp m.fl. Dette vil krevje kompetanse og omstilling. I løpet av planperioden ønsker vi å arbeide med å få til meir interkommunalt samarbeid, særskilt med dei andre kommunane i regionen. Det er viktig med meir samarbeid for å kunne løyse oppgåvene vi står overfor i åra framover.

Planområdet sine oppgåver 2022–2025

Tiltak 2022-2025	Omtale	Punkt i kom- muneplanen	Kostnad og finansiering
Kommuneplan	Kommuneplanens arealdel. Gjeld spesielt vurdering av ras/flaum.		250' – frå drift
Kunstprosjekt Ljosland	Kunst på mur langs fylkesveg på Ljosland	3.2	65' – frå drift
Dagsturhytte (AFK)	Kommunen sin eigenandel i Agder fylkeskommune (AFK) sitt prosjekt med ei dagsturhytte i kvar kommune i Agder	5.1	165' – frå bunde driftsfond
VA-plan Berge	Plan for vatn og avløp i samband med områderegulering av hytteområdet "klimapositivt hytteliv" på Berge i Bortelid		250' – frå drift

Handlingsprogram driftstiltak 2022–2025

